



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-notat 21/06

Oppstart av FOU aktivitet i Landskapsparker i Hordaland

Eivind Brendehaug

VF Notat

Notat tittel Oppstart av FOU aktivitet i Landskapsparker i Hordaland	Notat nr. 21/06
	Dato 22. desember
	Gradering Open
Prosjekttittel: Landskapsparker i Hordaland	Tal sider 89
	Prosjektnr 6042
Forskarar: Eivind Brendehaug, Vestlandsforskning Martin Byrkjeland, Rokkan-senteret Morten Clemetsen, Aurland Naturverkstad	Prosjektansvarleg Eivind Brendehaug
Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga	Emneord Landskapsparker Bedrifts- og Næringsutvikling Entreprenørskap
Samandrag Våren 2006 valde FMLA Hordaland å samarbeide med Vestlandsforskning, Rokkansenteret og Aurland Naturverkstad i utvikling av landskapsparker i fylket. Saman med brukarane utvikla FOU-miljøa ein brukarstyrt søknad til Norges Forskningsråd. Vidare vart FOU-miljøa engasjert til å delta på to seminar saman med bygdene hausten 2006. Vestlandsforskning hadde frå mai til november 2006 løpande kontakt med FMLA for å bidra med innspel til utvikling av programmet. På basis av denne involveringa av FOU-miljøa gav dei følgjande tilråding for det vidare arbeidet etter fellesseminar i slutten av oktober 2006: <ol style="list-style-type: none">1. Styrke forankringa av arbeidet i bygdene, bygdemøtet, velje styre, arbeidsgrupper etc.2. Spesifisere forretningsideen for kvart bygdeprosjekt: korleis skal ein tene pengar på å ta vare på landskapskvalitetane?3. Kva har de lært av tidlegare prosessar?<ul style="list-style-type: none">- kva for organisering fungerer lokalt- korleis byggje på etablerte møteplassar, organisasjonar og tiltak- kva for forretningsidear gir lønsam næring?4. Utvikle framdriftsplan for kvart bygdeprosjekt: aktivitet - type resultat, arena, tidsplan, ansvar.	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISBN nr ISSN 0804-8835	Pris

Forord

Dette notatet gir ei kort framstilling av den førebuande prosessen for involvering av FOU-miljø i utvikling av Landskapsparkar i Hordaland. Oppdragsgjevar har vore Fylkesmannen i Hordaland, ved landbruksavdelinga.

Resultat av prosessen er skisse for søknad til Norges Forskningsråd 31. august, samt FOU-miljøa sine bidrag til utvikling av programmet gjennom både skriftlege og munnlege innspel, og tilråding til det vidare arbeidet i bygdene.

Norges Forskningsråd imøtekom ikkje søknaden, men uttaler at søknaden er god. Rådet saknar ei problemstilling som forskinga skal løyse isolert.

FOU-miljøa ser to vegar å gå for å få etablert eit brukerretta forskingsprosjekt knytt til Landskapsparkar i Hordaland: 1) finansiering frå andre kjelder, t.d. regionale, eller 2) revidering og relansering av søknaden til Forskningsrådet.

Det har så langt vore interessant og spennande å arbeide saman med bygdene i programmet, og vi ser fram til at finansieringa for FOU arbeidet løysar seg.

Sogndal 22. desember 2006

Eivind Brendehaug

Tre førebuande prosessar

Dette notatet omtaler hovudtrekka i prosessen med å involvere FOU-miljøa Vestlandsforsking, Rokkansenteret og Aurland Naturverkstad i arbeidet med å utvikle landskapsparkar i Hordaland. Denne prosessen kan delast i tre:

- Søknadsprosessen og etablering av samarbeid med FMLA Hordaland
- Søknadsprosessen mot Noregs Forskningsråd
- Forprosess med bygdene hausten 2006

Søknadsprosessen og etablering av samarbeid med FMLA Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland inviterte Vestlandsforsking, Rokkansenteret og andre FOU-miljø til å kome med skisser til FOU-aktivitet knytt til Landskapsparkar i Hordaland 24. april 2006.

Vestlandsforsking og Rokkansenteret utvikla ein felles søknad (av 8. mai - 06) der også Aurland Naturverkstad vart inkludert som ein bidragsytar. Vestlandsforsking vart sett opp som prosjektleiar. Sjå søknaden i vedlegg. Søknaden skisserte mogleg finansiering av FOU-miljøa sitt arbeid gjennom eit brukarstyrt prosjekt i Arealprogrammet i Forskningsrådet (søknadsfrist 31. august).

FMLA Hordaland valde å samarbeide med grupperinga til Vestlandsforsking, og kalla inn til møte 2. juni for å avtale samarbeidet. På dette møtet vart FOU-miljøa oppmoda om å kome med ei skisse til korleis FOU-miljøa kunne delta i utviklingsprosessen med FMLA og bygdene hausten 2006, før avgjerd i Forskningsrådet, og for å gjennomføre ein forstudie (oversetting av Regional Park konseptet frå kontinentet til Hordaland). 14. juni sende Vestlandsforsking ei slik skisse med ramme på kr. 210.00, sjå vedlegg.

Styret for landskapsparkprogrammet ville ikkje at FOU-miljøa skulle gjennomføre ein forstudie, og samarbeidet med bygdene vart avgrensa til kr. 50.000.

17. august var ein intensjonsavtale for samarbeidet mellom FOU-miljøa og FMLA Hordaland underteikna, sjå vedlegg.

Søknadsprosessen mot Noregs Forskningsråd

Då FMLA ikkje var søkargode vart det bestemt at Herand bygdelag skulle vere prosjektansvarleg og søkjar. Vestlandsforsking leia søknadsprosessen der både Rokkansenteret, FMLA, Herand bygdelag og Aurland Naturverkstad kom med bidrag. Seminaret 17. august hos FMLA vart også

nytta til å utvikle søknaden, m.a. ved å få identifisert aktuelle problemstillinger i bygdene. Søknaden vart sendt 31. august, sjå prosjektomtale som vedlegg.

Forprosess med bygdene hausten 2006

FOU-organisasjonane si deltaking hausten 2006 vart avgrensa til seminar med bygdene 17. august i Bergen og seminar i Botnen 23.-24. oktober. Seminaret i Bergen vart nytta til å få fram aktuelle problemstillinger i bygdene, inspirere med omtale av landskapskonsept frå kontinentet og skissere arbeidet med søknaden til Forskningsrådet. Presentasjonar frå Aurland Naturverkstad og Vestlandsforskning er å finne i vedlegg.

Vestlandsforskning hadde løpande kontakt med FMLA hausten 2006, m.a. med drøfting av ulike sider ved utvikling av programmet og korleis seminaret i Botnen burde gjennomførast. Det vart m.a. lagt opp til to typar gruppearbeid, eit på tvers av bygdene og eit med kvar bygd. Hensikten var høvesvis å utveksle erfaringar mellom bygdene og at bygdene skulle få utvikla ein plan for arbeidet vidare.

Tema og spørsmål til det første gruppearbeidet var:

Kva er felles, røynsler så langt, refleksjon og læring

1. I kva grad har bygdene ein felles idé?
 - Mål som er felles, og det som er ulikt
2. Kva type hindringar på tvers av bygdene finst for å nå måla?
 - Har nokon delprosjekt løyst opp i hindringar?
3. Korleis bør programarbeidet innrettast for å gagne bygdene?
 - Fokus på Park-omgrepet?
 - Organisering/finansiering?
4. Kva felles kunnskapsbehov har bygdene?
 - Er dette fanga opp i forskingsspørsmåla?
5. Kva har de lært av oppstartsprosessen i bygdene?
 - Korleis vil de ta omsyn til dette i den vidare prosessen?

Tema og spørsmåla for det andre gruppearbeidet var:

Fase 1 i bygdene: Kartlegging- og ideutvikling:

- Korleis få ein god start/ vidare arbeid?
- Presisere forretningsidé

- Analyser kva de har lært av tidlegare prosjekt innan samarbeid, grønt entreprenørskap
- Kva andre relaterte tiltak føregår i området (kommune) nabokommune?
- Framdriftsplan for arbeidet i bygdene

Programmet for seminaret er gjengitt i vedlegg.

På basis av seminaret i Botnen gav FOU-miljøa følgjande tilråding for det vidare arbeidet i bygdene:

1. Styrke forankringa av arbeidet i bygdene, bygdemøtet, velje styre, arbeidsgrupper etc.
2. Spesifisere forretningsideen for kvart bygdeprosjekt: korleis skal ein tene pengar på å ta vare på landskapskvalitetane?
3. Kva har de lært av tidlegare prosessar?
 - kva for organisering fungerer lokalt
 - korleis byggje på etablerte møteplassar, organisasjonar og tiltak
 - kva for forretningsidear gir lønsam næring?
4. Utvikle framdriftsplan for kvart bydeprosjekt: aktivitet - type resultat, arena, tidsplan, ansvar.

Vedlegg 1: Skisse til FOU prosjekt knytt til Landskapsparkar (av 8. mai 06)



Vestlandsforskning

Boks 163
6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Fax: 57 67 61 90

Internett:

www.vestforsk.no

Til
Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga

Dykkar ref: 2005/14215

Vår ref:

Dato: 8. mai 2006.

Skisse til FOU prosjekt knytt til Landskapsparkar

Vi takkar for invitasjon i brev frå Fylkesmannens Landbruksavdeling av 24. april 2006 om skisser til FoU-verksemnd knytt til programmet om landskapsparkar. Vi viser også til samtale med Steinar Sørli i Bergen 2. mai.

Vestlandsforskning og Rökkansenteret vil med dette melde interesse for å delta i FoU arbeidet som er planlagt innanfor utviklingsprogrammet "Kulturlandskap + verdiskaping = Landskapsparkar". Programmet er eigd og vert drive i regi av Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga (FMLA).

I det følgjande har vi kalla programmet: Berekraftig nærings- og landskapsutvikling (BNL), eller berre programmet. Vi skil difor mellom *program* og *prosjekt* ved at prosjekt er dei lokale aktivitetane og prosessane i utvalde område, mens *programaktivitetane* er alt det øvrige arbeidet. *Programmet* omtalar såleis summen av både prosjekta og programaktivitetane.

Problemstillingar

Program for berekraftig nærings- og landskapsutvikling (BNL) har som føremål å utvikle næringsverksemnd med kulturlandskapet som det sentrale ressursgrunnlaget. Programmet legg opp til å få dette til gjennom eit samspel mellom ulike aktørar i reiselivet, bygdelag, kommunar og næringsutøvarar knytt til jordbrukslandskapet. Den praktiske gjennomføringa byggjer på lokale utviklings- og mobiliseringsprosessar, der det enkelte lokalsamfunn sjølv utformar konkrete prosjektidear for deltaking i programmet. Det er likevel lagt visse krav til dei enkelte utviklingsprosjekta, m.a. utarbeiding av lokale handlingsplanar for landskapsskjøtsel og landskapsbasert næringsutvikling.

Vi finn programmet interessant og viktig både som utviklingsprosjekt i Hordaland og som program som kan gje meir generell kunnskap om jordbruksbygder sine utviklingsvilkår og framtidsutsikter. Programmet har potensiale til å gi relevant kunnskap både til Vestlandet og landet generelt.

Ut frå vår innsikt til denne type utviklingsprosessar og erfaringar frå natur- og kulturparkar på kontinentet, ser vi fleire interessante faglege utfordringar. Desse kan vi oppsummere i følgjande spørsmål:

Vedlegg 1: Skisse til FOU prosjekt knytt til Landskapsparkar (av 8. mai 06)

- Korleis kan den einskilde næringsutøvar gå fram for å utvikle varer og tenester knytt til kulturlandskapet som gir tilstrekkeleg inntening?
- Korleis kan næringsaktivitetar avstemmast med sikring av landskapsverdiane?
- Kva organisatoriske modellar kan sikre samordning av landskapsbasert næringsutvikling både i forhold til produksjon av fellesgode og private gode (kommersielle produkt)?
- Korleis kan det utviklast læreprosessar mellom aktørar både innom lokalsamfunn, mellom aktørar i ulike lokalsamfunn og mellom jordbrukarar, andre næringsaktørar, lokal- og regional forvaltning og spesialiserte kunnskapsleverandørar?
- Kva er relevant områdeavgrensing for landskapsbasert næringsutvikling?
- Korleis kan regionalisering og tilpassing av landbrukspolitiske verkemiddel bidra til berekraftig nærings- og landskapsutvikling?

Programmet med FoU-aktiviteten kan medverke til å gje svar på desse spørsmåla.

Rolle og bidrag

Vestlandsforskning og Rokkansenteret er interesserte i å delta i programmet med kunnskapsbidrag både til bygdeprosessene og til programarbeidet. Vi ser det imidlertid ikkje som vår oppgåve å drive sjølv utviklingsaktivitetane i bygder og kommunar. For å bistå programmet i dette arbeidet ønskjer vi å bringe inn Aurland Naturverkstad (punkt 4 under). Dei har sagt seg interesserte i å delta i ein slik samarbeidskonstellasjon. Samla sett ser vi føre oss desse milepelane i arbeidet:

1. Nærare planlegging av programmet: organisering, gjennomføring, utval av bygder/kommunar, suksesskriteria, med meir.
2. Utforming av søknad til Noregs forskingsråd og andre moglege finansieringskjelder. Vi finn Programmet av stor relevans som del av eit eventuelt EU-prosjekt innanfor sjuande rammeprogram og kan vere med å prøve å realisere dette.
3. Forstudium med kunnskapsbidrag, systematisering av erfaringar og modellar frå andre stader i Noreg og Europa. Dette arbeidet vil skje i vekselverknad med det i pkt 1
4. Iverksetting med kunnskapsbidrag, jfr. fase I, II og III (kartlegging, utvikling og tiltak) i programplanen.
5. Følgjeevaluering med data frå prosjekt og programsamlingar, intervju med prosjektaktørane og andre nøkkelaktørar m.v., og undervegsrapportering
6. Sluttrapportering og formidling på møte/seminar

Som det framgår over vil både forstudium, iverksetting og følgjeevalueringa gi kunnskapsbidrag til prosjektprosessene og programarbeidet ved oppstart og undervegs. Tabellen under viser skisse til nærare rolle og ansvarsdeling i programmet

Vedlegg 1: Skisse til FOU prosjekt knytt til Landskapsarkar (av 8. mai 06)

Milepelar	Periode	Vestlands- forskning	Rokkan- senteret	Aurland Naturverk- stad	FMLA
Programplanlegging	2006	x	x	x	X
Søknad forskningsrådet	Juni- aug.2006	X	X	x	x
Forstudium	Haust 2006	X	x	X	
Iverksetting	2007-2009			X	X
Følgjeforskning	2007-2009	X	X		
Sluttrapportering	2009	X	X		

X=hovudrolle, x=deltakar

Forstudie og kunnskapsbidrag

Vi oppfatar at programmet for berekraftig nærings- og landskapsutvikling er ope i forhold til om landskapsark-konsepter skal knytast til verna område, slik det er gjort i Frankrike, eller vere eit meir generelt instrument. Logikken i den franske modellen er at lokalsamfunna får utvida handlingsrom frå lokale, regionale og statlege styresmakter til næringsutvikling ved å ta ansvar for natur- og kulturverdiane, m.a. gjennom definering av ei felles kvalitetsplattform for næringsaktivitetane. Denne modellen vert formalisert gjennom ein partnerskap mellom forvaltinga (på ulike nivå), grendelag, bedrifter og organisasjonar, og nedfelt i eit forpliktande Charter for området. I Sveits ser vi modellar som i større grad legg vekt på tilpassing av landbrukspolitiske verkemiddel for å oppnå berekraftig landskapsutvikling. FoU-aktiviteten kan innhente og systematisere erfaringane frå dei ulike modellane på kontinentet, og kome med innspel til korleis ein kan trekkje ut element som er relevante for utviklingsprosessane i vårt område. Ved tilpassing og utvikling av modellar vil det vere viktig å ta omsyn til heilskapen og balansen mellom aktørar mht. mynde og ansvar.

Uavhengig val av overordna modell for landskapsarkar, må arbeidet stimulere til å skape lønsame produkt-, teneste- og bedriftsetableringar. Vår erfaring er at gode forretningskonsept med inntening er ei hovudutfordring. Det gjeld anten produkta vert selt direkte til sluttbrukar (t.d. turist) eller gjennom avtaler med storbrukarar (eksterne bedrifter, organisasjonar eller forvaltning)¹. Fleire bygder har gode initiativ, og i mange bygder finst det nokre næringsutøvarar som er dyktige til nyskaping på dette området. Vi ser det som viktig at den kompetansen som både bygdene og einskild-utøvarar sjølv har, vert utnytta t.d. gjennom mentorordningar. Vi trur det også vil vere trong for skulering i entreprenørskap og kommersialisering.

Samstundes ser vi at det er eit stor potensiale ved tettare integrasjon mellom dei tradisjonelle reiselivsbedriftene, småskalatilbydarar av aktivitets- og opplevingsprodukt og grunneigarar. Utviklingsprosessar mellom denne type aktørar kan sikre marknadstilpassing og salskanalar og unngå areal- og brukarkonfliktar. Suksesskriterium vil her vere å utvikle gode modellar for felles organisering som kan ivareta:

- produksjon av (ikkje kommersielle) fellesgode, som t.d. landskapskjøtsel
- fellestiltak med mål om betre lønsemd for den einskilde bedrift

¹ Vi reknar med at målet er å skape næringsverksemd som i så stor grad som mogleg kan stå på eigne bein, evt. at ein klarer å få "meir" kulturlandskap ut av kvar offentleg krone.

Vedlegg 1: Skisse til FOU prosjekt knytt til Landskapsparkar (av 8. mai 06)

Vi foreslår at forstudien systematiserer og relaterer eksisterande kunnskap på desse felta inn mot programmet. Formidling av dette til dei utvalde prosjektområda vil vere eit vesentleg kunnskapsbidrag tidleg i programmet.

Følgjeforskinga

Føremålet med følgjeforskinga er først og fremst å kome med innspel undervegs til utforming av prosessene. Denne undervegsrapporteringa vil rette seg både mot prosjekta, programstyret og referansegruppe. Praktisk må dette kunne knytast til fellessamlingar mellom dei ulike prosjekta. Når det gjeld sluttrapportering, vil vi utforme ein kortfatta skriftleg rapportering supplert med muntleg formidling på møte eller seminar ut frå ein dialog med oppdragsgjevar.

Følgjeforskinga vil ta utgangspunkt i resultatmåla for det einskilde prosjekt formulert i programplanen frå FMLA Hordaland. Det vil vere aktuelt å operasjonalisere desse måla for å evaluere arbeidet. Følgjande indikatorar kan vere relevante:

- a. Gjennomføring av mobiliseringsprosessar i bygdene/kommunane
- b. Utvikling av møteplassar og nettverk mellom like, og ulike næringsaktørar og organisasjonar
- c. Omfang og innretning av planar for bedriftsetableringar
- d. Prosessar for etablering av formelt samarbeid mellom bedrifter
- e. Prosessar for etablering av samarbeid omkring produksjon av fellesgode (skjøtsel og pleie av landskap)
- f. Kompetansetiltak
- g. M.fl.

Seinare i prosessen vil det vere aktuelt å fokusere på resultatindikatorar som t.d.

- h. Strategiar og tiltak i handlingsplan
- i. Realiserte nye produkt og samarbeid (modellar)
- j. Etablerte marknadsallianser og kanalar
- k. Gjennomført identitetsutvikling og felles profileringstiltak
- l. Etablerte samarbeidstiltak for skjøtsel og pleie av landskapet
- m. Tal nye bedrifter eller nye forretningsområder innafor eksisterande bedrifter

Data til følgjeevalueringa vil bli samla inn gjennom deltaking på samlingar og møter i prosjekta, intervju med prosjektdeltakarar og andre nøkkelaktørar, statistikk, evaluering av Internett-portaler etc.

Finansiering og organisering

Oppdragsgjevar legg opp til at forskingsbidraget heilt og fullt skal finansierast gjennom Noregs forskingsråd. Etter vår meining er programmet, slik det no er utforma, eit typisk brukarstyrt innovasjonsprogram (BIP), som kan høve inn under Arealprogrammet i NFR. Dette har søknadsfrist 31. august med (normal) søknadsbehandling innan februar 2006. Det er kan hende råd å utforme ein søknad som ivaretek delar av problemstillingane til programmet til Arealprogrammets utlysing av midlar til kompteanseutvikling med brukarmedverknad (KMB) 8. juni. Dette føreset i tilfelle at ein forskingsinstitusjon står som søkjar.

Det er avgjerande for eit vellukka forskingsresultat at forskingsmiljø blir trekte inn så tidleg som råd er og kan vere med å spesifisere programinnhald og -utforming. Vi finn at programmet framleis har ein del uklare punkt, særleg med omsyn til utvalskriteria for dei lokale utviklingsprosjekta og områdeavgrensing for landskapsparkane, eller rettare

Vedlegg 1: Skisse til FOU prosjekt knytt til Landskapsparkar (av 8. mai 06)

programutforminga er heller ope om desse spørsmåla. Det vert også viktig å klargjere ansvarsforhold mellom programeigar med leiar, styret og referansegruppe på den eine side og FoU aktørane på den andre side i forhold til det einskilde prosjekt.

Sidan avgjerd i Forskingsrådet tidlegast vil liggje føre i desember (for KMB) eller januar (for BIP), ber vi FMLA vurdere om ein slik forstudie og anna deltaking i programutvikling kan finansierast på andre måtar, t.d. ved midlar frå Innovasjon Noreg/Fylkeskommunen. I alle høve meiner vi at den budsjetterte forskingsdeltakinga er i minste laget. Den tilsvarar 3-4 månadsverk i året og vi ønskjer å heve denne til minimum 6 månader. Vidare ønskjer vi å drøfte finansiering av Aurland Naturverkstad sitt arbeid mot iverksetting.

Presentasjon av FoU partnerane

Denne interesseerklæringa er altså eit samarbeid mellom Rökkansenteret, Vestlandsforskning og Aurland Naturverkstad, der Vestlandsforskning vil ha det overordna faglege ansvaret. Dette er partnerar som vil komplettere kvarandre.

Rökkansenteret, med førelauparane LOS-senteret og Senter for samfunnsforskning, er eit tungt fagmiljø innan mellom anna arbeidslivsforskning og forskning om organisasjonsutvikling og forvaltningssystem. I denne samanhengen vil vi også vektleggje at Rökkansenteret har solid erfaring med evalueringsforskning og aksjonsforskning.

Vestlandsforskning har, saman med Aurland Natur- og Kulturarv og Fjordbui, gjennomført ein utviklingsprosess med mål om å betre marknadssamarbeidet mellom aktørane i småskala og storskala reiselivet. Parallelt med denne prosessen er Vestlandsforskning involvert i utvikling av Aurland natur- og kulturpark der Aurland Naturverkstad står sentralt.

Dei siste åra har Vestlandsforskning delteke i to prosjekt i regi av organisasjonen Euromontana. Vårt arbeid har bestått i kartlegging og analysearbeid av fjellprodukt utvikla av småskalabedrifter. Eit overordna perspektiv har vore korleis nyskaping og endring skjer i denne type bedrifter i distriktsnoreg. Vestlandsforskning arbeider no med å få oppretta eit senter for strategisk reiselivsforskning. Tematisk vil senteret arbeide med FoU knytt til perspektiv innafor Geoturisme og Bærekraftig reiseliv. I denne samheng vert det også jobba med å starte opp doktorgradsarbeid både på Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Desse prosjekta vil m.a. nytte empiri frå Natur- og kulturparkprosessane her i landet.

Aurland Naturverkstad BA (AN) er ei grøn konsulentbedrift med kompetanse innan naturforvaltning, landskapsanalyse, naturkartlegging, kulturminne-/ kulturellandskapsforvaltning, og arealplanlegging. Bedrifta arbeidar og med lokal næringsutvikling, i hovudsak næring basert på lokal identitet, og stadeigne natur- og kulturelressursar. AN er aktive aktørar i ein lokalt initiert prosess i Aurland der det arbeidast med eit parkkonsept inspirert av dei europeiske regionale naturparkane. Her har me utarbeidd ein forprosjektrapport, og har i samarbeid med Universitet for miljø og biovitenskap (UMB), halde studietur og sett i gong lokale prosessar.

Vi imøteser ein nærare dialog om samarbeidet.

Vestlandsforskning
Eivind Brendehaug
sign.

Rökkansenteret
Martin Byrkjeland
sign.

Vedlegg 2: Skisse med budsjett for utviklingsprosess med bygder hausten 2006 (av 14. juni 2006)



Vestlandsforskning

Boks 163
6851 Sogndal

**Utviklings-
prosess
hausten 2006**

Tlf. 57 67 61 50

Fax: 57 67 61 90

Internett:

www.vestforsk.no

Til
Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga

Dykkar ref: 2005/14215

Vår ref:

Dato: 14. juni 2006.

Skisse med budsjett for utviklingsprosess med bygder hausten 2006

I samsvar med avtale på møte 2. juni i år skisserer vi under aktiviteter for utvikling av prosjektet Landskapsparkar i Hordaland hausten 2006:

- møte med bygdene i august for drøfting av søknad til Forskningsrådet og oppstart av bygdeprosessar
- seminar med bygdene i løpet av hausten for drøfting av deira planer og presentasjon av førebels funn frå forstudie
- møter med programeigarane
- Forstudie med:
 - kartlegging av modellar for Landskapsparkar i Sveits, Italia og Tyskland (inkludert også Frankrike)
 - "oversetting" av modellane til norske tilhøve
 - rapportering og formidling (seminar)

I tabellen under er dette meir utførleg sett opp inkludert kven frå FOU-miljø som deltek. Vi føreset at FMLA har ansvar for innkalling og gjennomføring av møter og seminarer. FOU-miljø deltek.

Aktivitet	Agenda	Periode	Varighet	FOU Deltakarar & ressursbruk
Eitt bygdemøte	Oppstart Søknad NFR	August	Dagsmøte	VF og RS (3 dagsverk)
Seminar med bygder x 2	Prosessplan, kunnskapsbidrag Gruppearbeid	Oktober/ November	Lunsj til lunsj	VF, RS & AN 2*2 dagsverk * 3
2 Møte med programeigarane	Planlegge seminar Evaluering av seminar	Oktober- desember	Telefonmøte & i etterkant av seminar	VF og RS ½ * 2 dagsverk*2
Kartlegging av modellar for Landskapsparkar i Europa	Innhente info om modellar frå Sveits, Austerrike, Tyskland, og Italia	September- desember		VF og AN
"Oversetting" av modellar til norske tilhøve	Implikasjonar for overføring av modellar til Noreg, og presentere utredning	September- desember		VF og AN

VF= Vestlandsforskning

Vedlegg 2: Skisse med budsjett for utviklingsprosess med bygder hausten 2006 (av 14. juni 2006)

RS= Rokkansenteret

AN= Aurland Naturverkstad

Budsjettet under er stramt. Posten *reiser* dekkjer reiser til/frå augustmøte, 2 seminar og formidlingsseminar. Møta med FMLA er skissert dels å avviklast i forlenging av seminar og dels som telefonmøte. Utgifter til opphald og overnatting i samband med seminarer er ikkje inkludert, og kjem i tillegg.

Vi har planlagt inn ein studietur for FOU-miljøa (VF og AN) i samband med kartlegging av modellar. M.a. vil vi vitje Alparc senteret i Alpene som er sentral innafor ulike park-konsepter i Europa. Ein slik studietur vil heve kvaliteten og bredden på kartleggingen. I budsjettet er denne studieturen sett opp med 1,5 person utgift fordi vi ser føre oss ein delfinansiering frå Vestlandsforskning med 0,5 person utgift¹. Dersom oppdragsgjevar ikkje ønskjer at FOU-miljøa gjennomfører ein slik tur må postane i budsjettet "litteratur" og "intervju" aukast med til saman kr. 30.000,-.

Budsjett

Aktivitet	Kroner
Augustmøte	13410
2 Seminar	53640
2 Møte FMLA	8940
Kartlegging	
- Litteratur	22350
- Webanalyse	8940
- Intervju	13410
- Studietur, 2 pers.	41820
"Oversetting"	26820
Rapportering og formidling	22350
Reiser	8000
Diverse	320
Sum	220000
Sum inkl. mva	275000

Med kroner 220.000 til desse aktivitetane hausten 2006 vil det vere råd å halde kontinuitet i arbeidet fram til avklaring om midlar frå Norges Forskningsråd.

Dersom det er trong for ytterlegare informasjon ta kontakt.

Med helsing

Eivind Brendehaug
Vestlandsforskning

Martin Byrkjeland
Rokkansenteret

¹ Vestlandsforskning planlegg saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane ein liknande tur, om enn med noko anna tema (aktivitet og opplevingssturisme), slik at ved å koble desse studieturane kan kostnadene for Landskapspark programmet i Hordaland verte mindre enn elles.

Intensjonsavtale
mellom
Fylkesmannen i Hordaland ved Landbruksavdelinga
og
Vestlandsforskning, Rokkansenteret & Aurland Naturverkstad
(FOU-miljøa)

Avtalen gjeld FOU-miljøa si deltaking i program for Landskapsparkar i Hordaland og finansiering programmet og FOU-miljøa sitt arbeid.

Denne avtalen gjeld til avgjerd på søknad til Norges Forskningsråd ligg føre, og når avtalt arbeid er utført (1.8.2006 til 31.12.2006). Dersom Forskningsrådet innvilgar midlar til program for Landskapsparkar i Hordaland, skal denne intensjonsavtalen avløysast av ein ny avtale.


FOU-miljøa forpliktar seg til å:


- 1) utforme ein søknad til Arealprogrammet med frist 1.9 2006 med nødvendig førearbeid
- 2) utføre FOU arbeid i samsvar med søknaden og under føresetnad av finansiering


FMLA forpliktar seg til å:


- 3) ikkje inngå FOU samarbeid med andre innanfor dette området så lenge IA gjeld utan at dette er avklara med VF, RS og AN
- 4) arbeide for å skaffe finansiering til å fylle kravet for minst 50 % eigenfinansiering ved søknad til NFR ved søknad til NFR, og bistå arbeidet med søknaden slik at ein bedrift/organisasjon står som prosjektansvarleg (søkjer), og at naudsynt informasjon, m.a. bedriftsopplysninger, CV for prosjektansvarleg etc. vert framskaffa.

Denne intensjonsavtalen er utforma i fire eksemplar.


Ase Vaag
FMLA
Dato:


Eivind Brendehaug
Vestlandsforskning
Dato: 17/8-06


Martin Byrkjeland
Rokkansenteret
Dato:


Morten Clemetsen
Aurland Naturverkstad
Dato:

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskningsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

Type prosjekt: Prosjektbeskrivelse for brukerstyrt innovasjonsprosjekt (BIP)

Program: Arealprogrammet

Prosjekttittel: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet

Korttittel: Landskapsparker

Prosjektansvarleg: Herand bygdelag

Prosjektleder: Vestlandsforskning

DEL 1: FOU-prosjektet

1. Mål

Hovudmålet for prosjektet er å utvikle kunnskap om korleis dei natur- og kulturhistoriske verdiane i jordbrukets kulturlandskap kan utnyttast som grunnlag for verdiskaping i form av nye produkt og nye måtar å organisere samhandling mellom næringsverksemdar.

FOU-arbeidet inngår i Landskapsparkprogrammet i Hordaland i regi av Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg og Fylkesmannens landbruksavdeling¹. Seks område er valde ut som delprosjekt frå seks kommunar. Delprosjekta omfattar lokale organisasjonar og næringsverksemdar, bygdelag, bedrifter, grunneigarar og andre entreprenørar.

Prosjektet skal særleg finne fram til organisasjonsmodellar som skal styrke samarbeidet mellom desse aktørane og fremje produkt- og prosessinnovasjon i dei enkelte verksemdene.

Den lokale utviklingseininga i dette FOU-prosjektet er nettverksorganisasjonane i bygdene, som regel bygdelaga. Dei er nærare presentert i vedlegg. Landskapsparkprogrammet i Hordaland skal både styrke næringsgrunnlaget i bygdene som deltek og få i stand læringsprosessar og samarbeid mellom bygdelaga.

Resultatmål for FOU-prosjektet:

1. Vidareutvikle eksisterande, og utvikle nye, samarbeidsformer og nettverk mellom ulike næringsaktørar som skal resultere i nyskaping og marknadsretting av produkt og tenester.
2. Utvikle ein profil for området som skal signalisere opphav til og kvalitet på produkta frå området.
3. Utvikle ein felles kvalitetsplattform for næringsaktiviteten med utgangspunkt i omgrep som berekraft og geoturisme
4. Starte utvikling av nye lønsame produkt og tenester basert på verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og nye organisatoriske løysingar for å selje desse produkta og tenestene.

2. Kunnskaps- og teknologifronten

Frankrike etablerte dei første regionale naturparkane på 1960-talet. Konseptet hadde til føremål ei balansert forvaltning av verdifulle landskap med store naturverdiar, viktige kulturelle tradisjonar og levande lokalsamfunn. Truslane var i hovudsak fråflyttinga frå landsbygda, svekking av landbruket og andre bygdenæringar, og auka press på landskapet gjennom urbanisering, turisme og store infrastrukturtiltak.

I Frankrike er det etablert i alt 42 regionale naturparkar som samla utgjer 11 prosent av arealet i landet. Spennvidda er stor, både når det gjeld landskapstypar, storleik og folketal, men konseptet har fire felles hovudelement²:

- **Eit charter** (avtaledokument), som fastlegg forvaltnings- og utviklingsmål for parken underteikna av stat, region, departement og kommune

¹ Kulturlandskap + verdiskaping = Landskapsparker - eit verdiskapingsprogram for berekraftig nærings- og landskapsutvikling i Hordaland. Prosjektansvarleg: Regionalt utviklingsprogram for Hordaland (RUP) Prosjekteigar: Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga (FMLA).

² Aurland Naturverkstad, 2005: Aurland natur- og kulturpark. Utvikling av ein model for støttefunksjonar for natur- og kulturbasert verdiskaping. Rapport nr. 2-2005. Aurland.

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskningsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

- **Eit landskapsområde**, naturleg samanhengande landskapsområde (terroire) fastsett av dei lokale partnarane
- **Eit prosjekt**, den berande ideen til parken utforma av involverte parter i fellesskap. Prosjektet gir tilgang til økonomisk støtte for gjennomføring av tiltak finansiert på region- og EU-nivå.
- **Eit merke**, ein felles logo som nyttast for å marknadsføre området og produkt frå området.

Også andre europeiske land har innført liknande modellar, men sjeldan med forankring i eige lovverk. Hovudprinsippet er det same med friviljuge partnarskapsavtaler mellom lokalsamfunn med bedrifter og organisasjonar, kommune og regionale og eventuelt nasjonale forvaltningsstyresmakter. I England finn vi fleire eksempel på slike samarbeidsløysningar der lokal verdiskaping er integrert i regionale utviklingsprogram, t.d. Lancashire i Nord-vest England³.

Derimot kjem den engelske modellen av nasjonalparker ikkje så godt ut i ein samanliknande studie av dei franske regionalparker. Konklusjonen er at den engelske modellen er basert på ein sentralstyrt "top down" tankegang som har bidrege til ytterligere marginalisering og svekking av jordbruket i områdene, mens den franske modellen har vore utvikla meir under lokal kontroll og ivareteke utvikling i jordbruksområder med spesielle økologiske, rekreative og estetiske verdiar. Den franske modellen er eigna på område med mykje privateigd areal⁴.

I Norge er ideen om å etablere landskapsparker for å samordne forvaltning av verdifulle landskap og lokal verdiskaping, relativt ny. Konkrete initiativ oppsto omtrent samtidig i Valdres og i Aurland. Initiativet i Hordaland er inspirert av det som skjer i Aurland, men byggjer vidare på det arbeidet som gjennom ei årrekke er lagt ned både av bygder, bedrifter og organisasjonar. Dei seks områda som er valt ut i Hordaland har erfaring med å utvikle ny næring frå lokale ressursar gjennom deltaking i fleire lokale utviklingsprosessar og nasjonale prosjekt og arrangement, som t.d. Streif⁵, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat, Trivselsgrenda, Småskala reiseliv og Tradisjonsmat. Intensjonen med dette FOU-prosjektet er å gå vidare og utvikle og implementere varige samarbeidsløysingar for nyskaping, kreativitet og marknadsretting basert på lokal matkultur, historie og landskapsverdiar.

Denne ambisjonen er også nedfelt hos nasjonale styresmakter i miljøvernpolitikken⁶, i næringspolitikken⁷ og i den nasjonale og regionale landbrukspolitikken⁸. Også på nordisk plan er det fokusert på jordbrukslandskapet som ein ressurs i form av "merkevare" for verdiskaping og lokalsamfunn⁹. Som ledd i denne ambisjonen foretok tidlegare landbruksminister Sponheim ei nasjonal lansering av omgrepet Geoturisme i Hardanger våren 2005¹⁰, som igjen vart lansert i revidert nasjonalbudsjett i mai 2005.

*Geoturisme*¹¹ vart først lansert av National Geographic Society som turisme som *tek vare på, forsterkar og framhever ein plass sin lokale eigenart - miljø, kultur, estetikk, kulturarv - og som*

³ <http://www.lancashire-ep.org.uk/>

⁴ Gilbert F. LaFreniere, 1997: Greenline parks in France: Les Parcs Naturels Régionaux. Agriculture and Human Values, voutm 14: 337-352, 1997. Kluwer Academic Publishers

⁵ I 2005 vart det gjennomført "Streif" arrangement i heile landet med fokus på særpreg og lokale kvaliteter knytt til mat, kulturlandskap, historie og kultur.

⁶ M.a. i St. meld. nr. 16 (2004/2005) Leve med kulturminner.

⁷ Nærings- og Handelsdepartementet, 2005: Handlingsplan for reiselivsnæringene.

⁸ Sjø t.d. Regionalt Miljøprogram for jordbruket i Hordaland. Fylkesmannen i Hordaland, 2004, St.prp nr 1 (2005-2006) Landbruks- og matdepartementet og St.prp. nr 68 (2005-2006) Om jordbruksoppgjøret – endringer i statsbudsjettet for 2006.

⁹ Nordisk Ministerråd 2004: Jordbrukslandskapet som ressurs i Norden. TemaNord 2004:537.

¹⁰ Opninga av Streif arrangementa, landbrukets sin 100 årsmarkering av unionsopppløysinga, sjå <http://www.bt.no/lokalt/hordaland/article361142>

¹¹ Geoturisme har to ulike definisjonar. Ein spesifikk avgrensa definisjon der *geologi* er opplevinga ("geologi turisme"), medan den andre tydinga inneber at natur og kultur meir generelt som opplevingsressurs kombinert med omsyn til berekraft og lokalsamfunn.

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskingsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

kjem lokalsamfunnet til gode. National Geographic Society innleiar sin definisjon med omtale av ”*sustainable tourism*”, og i punkt seks vert det gitt følgjande definisjon av geoturisme¹²:

GEOTOURISM adds to these principles [sustainable tourism] by building on geographical character—"sense of place"—to create a type of tourism that emphasizes the distinctiveness of its locale, beneficial to visitor and resident alike. Geotourism is defined as tourism that supports the geographical character of a place—its environment, culture, heritage, aesthetics, and the well-being of its citizens.

Den type reiselivsutvikling Geoturisme set fokus på er i samsvar med landskapsark-konseptet. Det er gjennomført lite forskning på landskapsark både nasjonalt og internasjonalt. Her i landet har Aurland Naturverkstad gjennomført utgreingar i samband med initiativet til Aurland Regionalpark. Dette FOU-prosjektet vil basere seg på erfaringar og kunnskap om vilkår for mobilisering, kollektiv endring, entreprenørskap, nyskaping og marknadsretting. Dei utvalde bygdene har samhandlingskompetanse frå tidlegare utviklings- og prosessarbeid som prosjektet vil bygge på. I mykje av den teoretiske og empiriske forskinga om vilkåra for å utvikle *lokale og regionale innovasjonssystem* vert sosial kapital tillagt stor vekt¹³. Det er ei form for kapital som vert bygd opp over tid, som byggjer på *tillit* i mange typar relasjonar mellom aktørane, og som føreset relativ stabilitet. Med Jean Paul Sartre – og Dag Østerberg - sin terminologi, så føreset det *sosiale fellesskap som gruppefenomen*. Vi er ute etter den kunnskapen som blir utvikla i slike fellesskap som vi finn i våre delprosjekt. I planleggingsteorien var det tidlegare vanleg å skilje mellom *funksjonell kunnskap og territoriell kunnskap*¹⁴. Den territorielle kunnskapen om samanhengen mellom folk og stader og betydinga av dei fysisk-romlige variasjonane er hovudfokus i vår samanheng. Oppgåva er å kombinere denne type kunnskap med forretningsmessige ambisjonar og evner. Det har vore gjennomført mange prosessar for lokalsamfunnsutvikling, men få av desse har lagt vekt på å skape lønsame nye bedrifter¹⁵. Samstundes har tradisjonell innovasjonsteori i liten grad vore oppteken av breie mobiliseringsprosessar i lokalsamfunn. Slik sett vil dette prosjektet utvikle ny kunnskap, ikkje berre for dei lokale aktørane, men også for forskarsamfunnet.

3. Fou-utfordring

Det vestnorske natur- og kulturlandskapet har høg attraksjonsverdi for nasjonalt og internasjonalt reiseliv og har hatt dette i meir enn hundre år. Reiselivsbedrifter og organisasjonar har dei siste 30-40 åra fokusert på aukande *volum* som eit suksesskriterium for næringa. Geoturisme set eit kvalitativt fokus og kan oppfattast som ein motvekt til masseturisme der omsyn til berekraft og lokalsamfunn ofte er fråverande. Det finst ein betalingsvillig marknad for dei spesielle og unike opplevingane basert på ein plass sin eigenart¹⁶. Dette prosjektet plasserar seg i krysningfeltet mellom konseptet landskapsark/regionalparkar, Geoturisme og dei lokale naturgitte, sosiale og kulturelle føresetnadene for næringsutvikling.

Eigedomsstrukturane og næringsaktiviteten knytt til landskapet på Vestlandet har ein utprega småskalastruktur. Det er fri ferdsel i utmark, men ikkje på innmark. Integrasjon og samhandlinga mellom einingane varierar med ulike tradisjonar og haldningar til fellesskapsløysingar. Verdiane i kulturlandskapet er i stor grad eit kollektivt gode, mens attraksjonsverdien vert påverka av ei rekkje uavhengige avgjersler og handlingar.

¹² <http://www.nationalgeographic.com/travel/sustainable/sustainable.html>

¹³ Sjå m.a. fleire bidrag i: Gammelsæter, H. (red. 2000): *Innovasjonspolitik, kunnskapsflyt og regional utvikling*. Oslo/Trondheim, Norges forskingsråd: Tapir Forlag.

¹⁴ Se John Friedman og C. Weaver (1979): *Territory and Function. The evolution of regional planning*. London: Arnold

¹⁵ O. Bukve; 2001: Lokale utviklingsnettverk. Ein komparativ analyse av næringsutvikling i åtte kommunar. HSF rapport 5/2001.

¹⁶ Aall C., E. Brendehaug, T-A. Fløtre, T. Aaretun og K-G Høyser, 2003: Næringsmessig potensiale for kvalitetsturisme. Rapport 4/2003. Vestlandsforskning. Sogndal

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskingsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

Samtidig er verdiskapinga innanfor eit område fordelt på ulike verksemder utan at det er noko *nødvendig* samanfall mellom prosessar som ivaretek landskapsverdiane og dei produkt og tenester som gjev inntekter. Dette gir eit komplekst system. FOU-utfordringa er å utvikle nye former for næring gitt desse føresetnadene. Den form for næringsutvikling som eksisterar i dag på bygdenivå, er regulert gjennom formelle avtalar og ikkje minst uformelle avtalar og tradisjonar. Nye former for næringsutnytting kan setje dette systemet på prøve og føresetje endringar i det. Korleis vi skal få i stand slik endringar for å utvikle naudsynte organisatoriske løysingar, er dette FOU-prosjektet si hovudutfordring. Det inneber at vi også må utfordre sosialt konserverande mekanismar som kan skape barrierar for endring og nyskaping.

Som resultat skal vi utvikle system som formidlar og fordelar byrder og gevinster mellom landskapsbevarande prosessar og inntektsgjevande aktivitetar. Vi skal gjere dette ved å få til ein samla og heilskapleg bruk av eit avgrensa område som t.d. ei grend eller ei bygd og som kan vere grunnlaget for ei rekkje ulike økonomiske aktivitetar.

Overordna problemstilling

Den overordna problemstillinga er å finne ut korleis ein kan oppnå endring og utvikling av nye organisatoriske samarbeidsløysingar (modellar) mellom ulike næringsaktørar (som grunneigarar, lokale matprodusentar, reiselivsbedrifter, bygdelag og kommunar) for produksjon av kollektive og private gode. Samarbeidet skal fremje berekraftig nyskaping og marknadsretting av produkt og tenester basert på dei natur- og kulturhistoriske verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap i eit avgrensa område.

FOU-arbeidet må utfordre barrierane for endring og nyskaping, men samstundes vere konstruktivt søkande for å byggje tillit mellom aktørane. Vi forventar å finne barrierar knytt til eigedomsstrukturar og driftsformer som hindrar gjennomgåande ferdsel i landskapet, tradisjonar og haldningar mot å utvikle fellestiltak som kan avgrensa privat handlefridom og sosiale mekanismar som hindrar endring og nyskaping.

Våre konstruktive problemstillingar kan oppsummerast til:

- Korleis skal kostnader, inntekt og usikkerheit fordelast i dei nye samarbeidsløysingane?
- Korleis kan ulike næringsaktørar i eit område utvikle og ta i bruk ei felles kvalitetsplattform basert på prinsippa i berekraft- og geoturismeomgrepa? Korleis kan næringsaktivitetar avstemmast med sikring av landskapsverdiane?
- Kva er relevant områdeavgrensing for landskapsbasert næringsutvikling, og korleis kan ein gå fram for å utvikle ein felles identitet for området og promotering av denne?
- Korleis kan den einskilde og grupper av næringsutøvarar gå fram for å utvikle varer og tenester knytt til kulturlandskapet som gir tilstrekkeleg inntening?
- Kva krav set marknaden til standarisering av tilboda (felles kvalitetsstandard) for at portefølgjen av tilbod skal byggje opp under området sin profil?

4. Angrepsmåte/metode


Den forskingsmetodiske utfordringa er korleis ein kan utvikle læreprosessar mellom ulike aktørar innom det einskilde lokalsamfunn og mellom lokalsamfunna, der også regional forvaltning og spesialiserte kunnskapsleverandørar bidreg. For å løyse dette legg kunnskapsorganisasjonane i dette FOU-prosjektet til grunn ein aksjonsforskningsmetodikk. Det betyr at forskaren går aktivt og engasjert inn i utfordringane for å skape løysingar saman med næringsnettverka (bygdelaga). Aksjonsforskingstilnærminga inneheld tre element:

- **forskning**, fortstått som at forskaren må ha substanskunnskap på sentrale område for utviklingsprosessane
- **medverknad**, demokratisering av den kunnskapsgenererande prosessen ved at dei lokale aktørane tek aktivt del i utvikling av kunnskap

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskingsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

- **handling**, iverksetting av strategiar og tiltak utvikla i dei involverande prosessane mellom bedriftene, forskarane og andre deltakarar.

Medverknadsprosessane omfattar både problemdefinering, refleksjon, tiltaksutvikling og handling. I figuren under har vi skissert ein modell som prøver å fange opp denne prosessen, inspirert av Greenwood og Levin¹⁷. Effektar av handlingane spelar tilbake på kunnskapen til både “insider”- og “outsider”-aktørane, og gir grunnlag for refleksjon som igjen gir basis for revidering av problemdefinisjon og strategiar/tiltak.



Aksjonsforskning er ein velutprøvd metode innanfor bedriftsutvikling. Den har òg vore nytta for å få til sosiale mobiliseringsprosessar i lokalsamfunn. I dette prosjektet ønskjer vi å kombinere erfaringar frå dei to områda for å skape utviklingsprosessar i verksemder, mellom nettverk av verksemder og mellom verksemder og lokalsamfunn.

FOU-arbeidet er inndelt i fire fasar der den første, fase 0, er finansiert utanom denne søknaden. Fasane har følgjande hovudaktivitetar:

- Fase 0: Førebuing og identifisering av FOU-prosjektet
- Fase 1: Idéutvikling med kartlegging og kunnskapsinnsamling
- Fase 2: Utforming av modeller, konsept, avtaler og tiltak
- Fase 3: Utprøving og iverksetting

Førebuing

Føremålet med denne fasen er å utvikle samarbeidet mellom FOU-organisasjonane, nettverksorganisasjonane (bydelaga) og forvaltninga (Fylkesmannen) ved at:

- bydelaga presenterer sine utviklingsambisjonar og – utfordringar
- forvaltninga presenterer sine mål og strategiar for arbeidet
- forskarane gir faglege innspel frå landskapspark konseptet på kontinentet
- aktørane saman formulerer problemstillingar for FOU-prosjektet
- utvikling av metode og samarbeidsformer for gjennomføring

¹⁷ Greenwood, D. J. & M. Levin, 1998: Introduction to Action Research. Social Research for Social Change. Sage Publications.

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskningsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

Denne prosessen starta 17. august på møte hos Fylkesmannen i Hordaland kor alle bygdelaga deltok. Førebuingsprosessen skal halde fram på eit planlagd seminar ultimo oktober. Fylkesmannen finansierer FOU-organisasjonane sin deltaking i denne fasen. I det vidare er denne fasen ikkje omtalt.

Ideutviklingsfasen

I denne fasen vil arbeidet bestå av idéutvikling som tar utgangspunkt i området sine tradisjonar med og ressursar innan samarbeid, områdeavgrensing og identitetsbygging. Dette vil bli kombinert med nye idear, refleksjonar og kreative prosessar som deltakarane kjem fram med. Arbeidet vil kartlegge tradisjonelle samarbeidsformer for både kommersielle føremål og kollektive gode, erfaringane med desse, samt faktorar som påverkar områdeavgrensinga av lokalsamfunnet og forhold som former og endrar identiteten til innbyggjarane. Erfaringar og kunnskap frå andre område i inn- og utland vil bli trekte inn.

Arbeidet vil bli gjennomført ved hjelp av arbeidsseminar (workshops) i bygdene, arbeidsgrupper, utgreiingsarbeid og eit bygdemøte. Utvikling og planlegging av desse prosessane vil foregå på ei programsamling for leiinga av alle delprosjekta i starten av prosjektet.

Utformingsfasen

På bakgrunn av arbeidet i første fase skal løysingar på FOU-utfordringane konkretiserast. Det inneber utvikling av konkrete samarbeidsmodellar mellom ulike typar næringsaktørar, konsept for områdeavgrensing og –profilering, eksempel på kvalitetsplattform for næringsaktiviteten og eksempel på kommersielle avtaler mellom bedrifter. I denne fasen vil også nye produkt, produktpakkar og marknadsføringsløysingar verte utvikla. I denne prosessen vil det vere naudsynt å avdekkje og utfordre barrierar mot endring, samt å byggje vidare på eksisterande samarbeidsløysingar som fungerer. Arbeidet vil bli gjennomført ved hjelp av arbeidsseminar (workshops) i bygdene, arbeidsgrupper, utgreiingsarbeid, studietur og eit bygdemøte. For å sikre læring på tvers av delprosjekta (områda) vil ein programsamling stå sentralt i denne fasen.

Utprøving og iverksettingsfasen

I denne fasen skal løysingar som er skisserte i utviklingsfasen, realiserast. Prosessen vil omfatte ei vidare konkretisering, prioritering og tilpassing av løysingane. Det vil i nokre tilfelle vere behov for å prøve ut ulike løysingar for å finne fram til eigna modellar. I andre tilfelle kan næringsaktørane iverksette tiltak direkte. I denne fasen vil også nye organisasjonar og fellestiltak etablerast, eventuelt også med nasjonale og internasjonale aktørar.

Arbeidet vil bli gjennomført i form av arbeidsseminar, bygdemøte og arbeidsgrupper i kvart av delprosjekta, men ikkje minst i den einskilde bedrift og mellom bedrifter.

Arbeidsformer

Utvikling av kunnskap vil foregå i ein vekselverknad mellom arbeidsseminar ("workshops") i delprosjekta og for programmet samla (med leiinga frå kvart delprosjekt), arbeidsgrupper i delprosjekta, bygdemøte, utgreiing av spesifikke spørsmål, internasjonal nettverksbygging og det daglege arbeidet i bedriftene og delprosjekta. Arbeidet vil bli rapportert i ulike former. Under omtaler vi dei ulike arbeidsformene.

Arbeidsseminara i bygdene skal inspirere, utveksle erfaringar, bygge ned barrierar mellom næringsdrivande, og vere kreative verkstader for kunnskapsutvikling. Gruppeoppgåver og plenumsdiskusjonar vil tematisk vere avleda av våre overordna resultatmål. Samlingane vert organisert som ei veksling mellom plenum og gruppearbeid med korte inspirasjonsinnlegg med nærings og bedriftseksempel. Det er også aktuelt å gjere nytte av revy- og teaterforma for meir humoristiske innslag. Vi har planlagt eit arbeidsseminar (å to dagar) i fase 1 og 3, og to fase 2 i kvart delprosjekt i. På tre av desse vil det delta ein forskar.

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskingsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

Bygdemøta har til hensikt å mobilisere, få fram nye idear og teste ut løysingar som er utvikla i arbeidsseminara. Møta vil også vere ein arena for å rekruttere fleire aktive inn i det daglege arbeidet i delprosjekta. Planen er å gjennomføre eitt bygdemøte (dagsmøte) i kvar av dei tre fasane av prosjektet. To forskarar deltek på bygdemøta.

Leiinga i delprosjekta, forskarane og programleiinga ved FMLA Hordaland vil planlegge og gjennomføre arbeidsseminar og bygdemøte i fellesskap.

Programsamlingar

Føremålet med felles samlingar for prosjektleiinga i kvart delprosjekt er å inspirere, utveksle erfaringar og skape læring mellom delprosjekta. Dessutan vil vi bruke samlingane for å planlegge gjennomføringa i FOU-prosjektet. Særleg vil vi skissere og drøfte gjennomføring av arbeidsseminar og bygdemøte i delprosjekta.

Gruppeoppgåver og plenumsdiskusjonar vil tematisk vere avleidd av våre overordna resultatmål. Gruppene vil bli inndelt både på tvers av delprosjekt (bygder) og sett saman av det einskilde delprosjekt. Vi har planlagt ein samling for kvar av dei tre fase av FOU-prosjektet.

Arbeidsgrupper og utgreiing

Delprosjekta set ned arbeidsgrupper etter behov for å løyse oppgåver mellom arbeidsseminar og bygdemøte saman med prosjektleiinga. Arbeidsgruppene sitt arbeid vert kombinert med utgreiingsarbeid i FOU-miljøa og det daglege arbeidet hos leiing av delprosjekta og FOU-prosjektet. Desse elementa skal sikre kontinuitet og framdrift i arbeidet mellom samlingane.

Besøke landskapsparkar på kontinentet

Sjå avsnitt 6, punkt om kunnskaps- og nettverksutvikling.

Rapportering

Kvar fase i prosjektet skal rapporterast i form av ein kort arbeidsrapport med brukarane som målgruppe. Delprosjekta skal levere bidrag til rapportane, men det er prosjektleiar som har hovudansvar for utforming.

I tillegg skal prosjektet levere ein populærvitenskapleg artikkel frå arbeidet knytt til kvar fase av arbeidet for lansering i aktuelle fagtidsskrift. Prosjektet skal også produsere ein kronikk for publisering i dagspressa.

Resultat frå prosjektet vil også bli presentert på sluttkonferansen til Landskapsparkprogrammet i Hordaland. Den tek sikte på deltaking på nasjonalt nivå, eventuelt også med deltakarar frå internasjonale samarbeidspartnarar og FoU-miljø. Konferansen er føresetta finansiert uavhengig av sjølve gjennomføringa av dette prosjektet.

I tabellen under har vi skissert kven som vil delta i dei forskjellige aktivitetane.

Arena/metode	Deltakarar
Arbeidsseminar i kvart delprosjekt	Matbedrifter, aktivitetsbedrifter, overnattingsbedrifter m.fl., grunneigarlag, bygdelag og repr. frå kommunen.
Arbeidsgrupper i kvart delprosjekt	Personar frå aktive samarbeidspartnarar.
Bygdemøte	Opne møte for alle i bygda
Programsamlingar	Leiinga frå alle delprosjekt, forskarane og programleiinga
Utgreiing	Forskarane, men også prosjektleiinga i delprosjekta (spørsmål knytt til samarbeidsformer og områdeavgrensing)
Utanlandstur	Leiinga i delprosjekta og andre aktive partar i bygdene, forskarane og programleiing/styret (internasjonal nettverksbygging)

Koordinering med anna aktivitet

Det vert viktig å gjere seg nytte av andre etablerte og pågåande utviklingsprosessar og kompetansetilbod i områda, t.d. etablerarkurs, tilbod innan marknadsføring og design etc. , som

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskingsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

m.a. vert arrangert av Innovasjon Norge, næringshagar, tiltakskonsulentar etc. Særleg for resultatmålet utvikling av nye lønsame produkt og tenester vil det vere aktuelt.

5. Prosjektorganisering

FOU-institusjonane Vestlandsforskning (VF), Røkkansenteret (RS) og Aurland Naturverkstad (AN) har komplementær kompetanse av verdi for prosjektet og deltek med høvesvis Eivind Brendehaug og Carlo Aall frå VF, Morten Clemetsen og Ivar Bjarne Underdal frå AN og Martin Byrkjeland frå RS. Vestlandsforskning har i denne samanhengen sin spesialitet innan berekraftig reiseliv og næringsutvikling i distrikta, m.a. knytt til verna område. Dessutan arbeider instituttet med nyskaping, nettverksbygging og marknadsretting mellom småskala bedrifter. Aurland Naturverkstad har spesifikk kompetanse innan landskapsforvaltning og -skjøtsel, i tillegg til konsept knytt til landskapsparkar og regionalparkar. Røkkansenteret har spesifikk kompetanse innan arbeidslivskunnskap, organisasjonsmodellar og -læring samt aksjonsforskning. Resultata av dette FOU-arbeidet skal skapast og iverksettast i utviklingsprosessar med deltaking frå nettverksorganisasjonar (bygdelag), forskjellige bedrifter, grunneigarar, forskarar og rådgjevarar. Samarbeidet med bedrifter vil utvidast i løpet av hausten 2006 til også å omfatte hotell og transport. Per i dag ser samarbeidskonstellasjonen slik ut:

- *Herand bygdelag* (Jondal kommune), er både søker og delprosjekt
- *Åkraffjorden grendeutval* (Etne kommune) med deltaking m.a. frå Åkraffjordtunet (butikk, gardsmat, servering, overnatting, turistinformasjon)
- *Fykse grendelag (Kvam herad)* med deltaking frå m.a. Gamlastovo gardsrestaurant
- *Samstyret for Myrkdalen og Trivselsgrenda Haugsvik/Stalheim* (Voss kommune) med deltaking frå m.a. Myrkdalen hestesenter
- *Solheim, Olsvoll og Tolleshaug beitelag* (Radøy kommune) med deltaking frå m.a. Tjore gardsmat
- *Vikebygdkrinsen* (Ullensvang herad) med deltaking frå m.a. Agatunet

Ved at bygdelaga og bedriftene sjølve deltek i desse utviklingsprosessane, vil dei ha føresetnader for å etablere nye samarbeidsmodellar mellom bedrifter og andre eiga aktivitet i samsvar med resultata. Bygdelaga er valt ut ut frå sin deltaking i tidlegare utviklings- og mobiliseringsprosessar. Dei bedriftene som så langt er rekruttert inn i arbeidet er av dei mest innovative i sine lokalmiljø, og representerer ulike kompetanse ut frå ein variasjon i produkt, tenester og marknader dei sel i.

6. Internasjonalt samarbeid

Internasjonalt samarbeid, kompetanse- og nettverksutvikling vil gå føre seg på tre måtar:

1. Reise til område på kontinentet med tilsvarande ambisjonar
2. Utvikling av relasjonar og nettverk mellom næringsaktørar i Hordaland og på kontinentet.
3. Deltaking i nettverksorganisasjonar som FOU-organisasjonane i dag er ein del av

Kunnskap- og nettverksutvikling

Hausten 2007 legg vi opp til å besøke relevante bedrifter, organisasjonar og forskingsinstitusjonar. Føremålet er å bidra til kunnskap i utviklinga av nye samarbeidsløysingar og metodar for utvikling av områdeidentitet (resultatmål 3 og 4). Det er også eit mål for bedriftene å utveksle erfaringar og utvikle kontakt og evt. samarbeid med bedrifter på kontinentet. Aurland Naturverkstad har både aktuelle kontaktar og erfaring frå denne type besøk for kompetanseutvikling.

Deltaking i FOU-nettverk

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskringsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

Forskningsinstitusjonane og forskarane ved VF, AN og RS deltek i dag i fleire internasjonale nettverk med tema som er relevante i vårt prosjekt. Desse nettverka vil bli nytta i utforming av studieturen til kontinentet omtalt ovafor, bilaterale drøftingar med andre forskarar og deltaking i internasjonale konferansar og seminar. Dei mest aktuelle nettverka er:

- *World commission on protected areas* (WCPA). Ein underorganisasjon til The World Conservation Union (IUCN) som arbeider med berekraftig forvaltning og lokal verdiskaping. Morten Clemetsen er medlem av WCPA. (<http://www.iucn.org/themes/wcpa/>)
- *Euromontana* er ein organisasjon for fjellregionar i Europa med formål å fremje levande fjellregionar, berekraftig utvikling og livskvalitet i fjellområde. Organisasjonen arbeider både med utvikling av ein fjellregionpolitikk i EU og kunnskapsutvikling knytt til utvikling av områdeidentitet og næringsretta nyskaping. Vestlandsforskning deltar i dette nettverket. (<http://euromontana.org>)
- Alparc-organisasjonen er eit nettverk for verna område og arealforvaltning i Alpane. AN har god kontakt med dette nettverket. (<http://www.alparc.org>).

7. Fremdriftsplan med milepæler

I tabellen under har vi oppsummert FOU-prosjektet sine resultatmål, hovudaktiviteter og milepæler med tidsplan.

Resultatmål	Fellesaktiviteter	Ideutviklingsfase			Utformingsfase			Iverksettingsfase	
		1kv07	2kv07	3kv07	4kv07	1kv08	2kv08	3kv08	4kv08
-Nye samarbeidsmodellar -Områdeavgrensing og identitet - Kvalitetsplattform -Nye lønsame produkt/tenester og marknadsførings-løysingar	Programsamling								
	Arbeidsseminar								
	Arbeidsgruppe								
	Bygdemøte								
	Utgreiing								
	Studietur								
	Rapportering								

I alle fasane vil det pågå utviklingsprosessar i bedriftene og mellom bedriftene.

8. Kostnader pr. utførende partner

Alle beløp er i 1000 kroner.

Utførande part	Personal	Reise & opphald	Andre kostn	Sum
Vestlandsforskning	557	38	11	606
Rokkansenteret	455	23		477
Aurland Naturverkstad	455	32		486
Lokale utviklingsnettverk (bygdelag)	3468	240		3708
Sum	4934	333	11	5277

I utgangspunktet er deltaking i prosessarbeidet fordelt på dei tre FOU-organisasjonane, mens Vestlandsforskning er prosjektleiar.

Personalkostnaden i bygdelaga framkommer med ein timesats på kr. 320 og 6 timer per dagsverk:

- 3 programsamlingar, á to dagsverk, med 3 deltakar frå kvart av dei 6 delprosjekta
- 4 arbeidsseminar i kvart delprosjekt, á 1,5 dagsverk, med 15 deltakarar

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskningsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

- 3 bygdemøte i kvart delprosjekt, á ein dag, med 30 deltakarar
- førebuing og etterarbeid til seminar og møte, og arbeidsinnsats i arbeidsgrupper
- studietur over 5 dagar med 4 deltakarar frå kvart delprosjekt

Reise og opphald for bygdelaga er besøk til landskapsparkar på kontinentet.

9. Finansiering pr. partner

Partner	1000 Kroner
Eigeninnsats lokale nettverk (delprosjekt)	3708
Forskningsmidler, Jordbruksavtalen	523
Noregs Forskningsråd, arealprogrammet	1046
Sum	5277

DEL 2: Resultatutnytting

10. Overordna ide

Som resultat skal prosjektet utvikle system som formidlar og fordeler byrder og gevinster mellom landskapsbevarande prosessar og inntektsgjevande aktivitetar. Vidare skal ein felles kvalitetsplattform og områdeidentitet styrke attraksjonsverdien ved at området framstår med ein heilskapleg profil. Dette skal utviklast i dei lokale delprosjekta (nettverksorganisasjonane). Ved at bedriftene sjølve deltek i desse utviklingsprosessane, vil dei ha føresetnader for å etablere nye samarbeidsmodellar mellom bedrifter og andre eiga aktivitet i samsvar med resultata. FOU-resultata er sjølve innovasjonen i prosjektet og er føresetnaden for nyetablering og lønsam næring.

11. Innovasjon/nyheitsgrad

Det nye er at prosjektet skal utvikle og etablere samarbeidsformer, kvalitetsplattform og områdeprofil på tvers av bransjar i eit avgrensa område. Dette er nytt for dei områda som deltek, og det er starta opp liknande prosessar i Aurland kommune. Vi kjenner ikkje til at det er gjort i Noreg tidlegare. Internasjonalt er det landskapspark-konseptet vi finn som ein parallell til denne ambisjonen. Slik sett er dette eit stort skritt både i lokal og nasjonal samanheng.

12. Plan for utnytting av FoU-resultata i den einskilte bedrift

Omtalen er gitt for Herand bygdelag (prosjektansvarleg) med samarbeidspartar (dei fem andre lokale nettverksorganisasjonane).

a) Forretningside

Den samlande forretningsideen er å utvikle nye organisasjonsformer for produktutvikling (einskilte produkt og produktpakkar) og marknadsføring som aukar verdiskapingsgraden i mindre sjølvstendige verksemder innan for avgrensa område med landskapet som aktivum:

1. Eksisterande verksemder og nyetableringar for utvikling av landskapsopplevingsprodukt og lokale merkevarer som mat og handverksprodukt.
2. Nyetableringar med sal av spesialiserte kunnskapsprodukt med det lokale kulturlandskapet som referanseramme.
3. Utvikling av fellesfunksjonar for profilering og sal av slike produkt.

b) Innovasjonsgrad/nyheitsgrad

Det meste av bygdenæringar er i dag dårleg samordna når det gjeld marknadsføring og sal av produkt knytt til landskap. Prosjektet skal prøve ut omgrepet landskapspark som ein strategi for

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskningsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

betre samordning og ny næringsutvikling. Slike prosessar er alt starta i Aurland og Valdres, og prosjektet ønskjer å hauste erfaringar og byggje nettverk med desse områda, og med landskapspark i andre europeiske land som til dømes Frankrike, Tyskland og Italia.

For dei lokale nettverksorganisasjonane vil FOU-prosjektet føre til nyskaping på følgjande område:

1. Utvikling av samarbeidsformer i nettverk mellom FoU, næringsverksemder og offentleg forvaltning
2. Nytte landskapspark-konseptet som utviklingsstrategi.
3. Utvikle felles kvalitetsplattform for næringsaktivitetane og områdeidentitet for ekstern profilering.
4. Internasjonalt samarbeid med aktørar i landskapsparkar i andre land.

c) Bedriftsøkonomisk verdi

Den bedriftsøkonomiske verdien vil variere mellom dei ulike bedriftene som deltek i prosjektet, avhengig av omsetnad og om bedrifter er etablert eller under etablering. Den bedriftsøkonomisk verdien av prosjektet vil vere i form av:

- auka sal
- auka verdiskapingsgrad gjennom høgare priser ut frå produktutvikling og betre marknadstilpassing
- meir effektive produksjonsprosessar og marknadsføring gjennom samordning
- kompetanseutvikling i nettverk.

d) Plan for realisering

Dette er omtalt under avsnitt 4 angrepsmåte/metode og under avsnitt 7 framdriftsplan og milepæler.

e) Risikoelement

Største utfordringa for prosjektet er å få til eit tilstrekkeleg godt nok samarbeid mellom alle aktørar innan delprosjekta (Landskapsparkområda). Dette er avgjerande for dei resultat som prosjektet skal levere. Det er gode vilkår for å overvinne denne utfordringa fordi aktørane i dei utvalde områda har erfaring frå samhandling gjennom tidlegare utviklings- og prosessarbeid. Ei annan risikofaktor er at prosjektet har høge resultatambisjonar innanfor relativt korte tidsrammer. Det er derfor ein fare for å skape frustrasjonar blant deltakarane dersom framdrifta blir mindre enn førespegla. Eit tredje risikomoment er om kvaliteten på produkta som skal utviklast, held mål, gitt dei standardarar som er nødvendige for å garantere lokal profil og "branding". Kvalitetsavvik kan fort føre til at både produkt og område misser truverde. Dette er ei særleg utfordring når vi har med mange små og uavhengige verksemder å gjere, slik tilfelle er i dette prosjektet.

13. Miljøkonsekvensar

Prosjektet er forventa å ha positive miljøeffektar ved at kulturlandskapet vert halde i hevd. For det andre kan prosjektet bidra til at turistar vert lengre på ein plass og på den måten reduserer etterspurnaden av transport basert på fossil energi.

14. Øvrige nytteeffektar

Prosjektet vil ha positive effektar for kompetanseutvikling i FOU organisasjonane som deltek, mellom anna vil arbeidet bli knytt til doktorgradsarbeid for Eivind Brendehaug ved Vestlandsforskning.

Dessutan vil prosjektet vere til inspirasjon for andre områder med ambisjon om å skape ny næring tufta på verdiane i kulturlandskapet både på Vestlandet og i landet elles. Arbeidet vil også inngå Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg og Fylkesmannens landbruksavdeling sin kompetanseutvikling og strategiarbeid for nærings- og landskapsutvikling

Vedlegg 4: Søknaden til Noregs Forskingsråd: Kollektivt entreprenørskap i jordbrukslandskapet (31. august 2006)

15. Informasjon og resultatspreiing

Dei lokale deltakarane vil drive resultatspreiing i deira område og kommunar. Dette vil skje i form av foredrag, møteverksemd og ikkje minst i form av ”man to man talk”. For det andre vil skape merksemd om arbeidet vårt i region- og lokalaviser, og gjennom foredrag på aktuelle årsmøte og fagseminar. Sjå elles om FOU-organisasjonane sitt arbeid med formidling og rapportering omtalt under arbeidsformer, punkt 4: metode, framom.

Vedlegg 5: 17-08-06

Landskapsarkitektur i Hordaland

Kunnskapsutvikling for
nyskaping, lønsemnd og marknadsretting

Aurland Naturverkstad, Rokkansenteret og Vestlandsforskning

FOU si rolle i programmet

- Kven er vi:
 - Aurland Naturverkstad, Morten Clemetsen
 - Rokkansenteret, Martin Byrkjeland
 - Vestlandsforskning, Eivind Brendehaug
- Vi er valt av FMLA for å bistå bedriftene/næringsorganisasjonane i deira kunnskapsbehov
- Korleis:
 - Kunnskapsbidrag – erfaringar frå kontinentet
 - Kunnskapsutvikling i lag med delprosjekta
 - Følgeevaluering av utviklingsprosessane i bygdene og bedriftene
 - Følgeevaluering av programmet:
 - er det samanheng mellom programaktivitetane og delprosjekta?

Norges Forskningsråd (NFR):

- ”Arealprogrammet skal være en aktiv medspiller for næringslivet innenfor arealbasert næringsutvikling (ut over mat og tømmer) i produksjon av kunnskap som styrker innovasjon, lønnsomhet og markedsinnretning”
- ”Programmet skal først og fremst øke mulighetene for lønnsomme vare- og tjenesteproduksjoner – ikke minst gjennom redusering av kostnader – som alternativ til volumproduksjonene i bygde- og kystsamfunnene.”
- Er Landskapsarkprogrammet i tråd med dette?
 - Fokus: Landskapskjøtsel og/eller avkastning fra salsprodukt?
 - Kor er det ting skal skje? Programmet eller i bedriftene?
 - Tung programorganisering: prosjektansvarleg, prosjekteigar, programstyre og referansegruppe i tillegg til prosjektleiar.

Bedriftene er fokus hos NFR:

- Bedriftene/næringsorganisasjonane er forskinga sin oppdragsgjevar
- Brukerstyrt innovasjonsprosjekt (BIP) i Arealprogrammet.
- Søkjer til NFR er prosjektansvarleg.
 - Må vere ein bedrift/organisasjon eller gruppe av bedrifter
 - Ein av dykk bør stå som søker på vegne av dei andre (Herand)
- Søker er adm. ansvarleg for FOU-arbeidet
- Prosjektleder er fagleg ansvarleg på vegne av søker:
Vestlandsforskning

Søknad til NFR innan 31. august

- Alle dei 6 områda må sende inn bedriftsopplysningar til FMLA ved Steinar Sørli, innan onsdag 23. august
- Info om:
 - Namn kontaktperson i søknadsprosessen
 - bedrifts/organisasjonsnamn med dagleg leiar
 - Organisasjonsnummer på bedrift/organisasjon
 - adresse, telefonnummer og e-post
 - Eigeninnsats, dugnad og anna betalt og ubetalt innsats (timer) i 2006, 2007 og 2008.
 - Hovudprodukt
 - Hovudmarknad
 - Marknadsposisjon lokalt
 - Omsetning 2005
 - Finst Årsmelding/årsrekneskap, kor kan vi få det frå?

Aktuelle forskingsspørsmål

- Målet er næringsutvikling og verdiskaping på basis av landskap og kulturkvalitetene:
 - Korleis utvikle nye samarbeidsformer mellom ulike næringsaktørar (grunneigarar, matprodusentar, reiselivsbedrifter og aktivitetstilbydarar) for nyskaping og marknadsretting?
 - Kva er relevant områdeavgrensing for landskapsbasert næringsutvikling og korleis kjem ein fram til avgrensninga ut frå lokale premiss?
 - Korleis kan næringsutøvar gå fram for å utvikle varer og tenester knytt til kulturlandskapet som gir tilstrekkeleg inntening?
 - Korleis skape gode mobiliseringsprosessar i bygdene med fokus på moglegheiter meir enn hindringar?
 - Vilkår for endring av haldningar til pleie og ny bruk av kulturlandskapet
 - Skape gode læringsarenaer mellom bygdene undervegs i programmet

FMLA Hordaland 17. august 2006

”Landskapsparkar” som ressurs for lokal og regional utvikling

Morten Clemetsen, Aurland naturverkstad BA

Kva er ein park?

- Tradisjonell forståing:
 - Eit avgrensa område der ålmenta har tilgang til naturopplevingar og rekreasjon
- Utvida bruk:
 - Eit nærare avgrensa område der landskapets karakter (verdiar og særpreg) vert nytta som ressurs for utvikling og verdiskaping i lokalsamfunnet
- Initiativ:
 - Det offentlege v/ stat eller kommune
 - Private initiativ (einskildpersonar, grunneigarar,)
 - Samarbeidsprosjekt, partnerskap lokalsamfunn /offentlege

Korleis vert ”park”-omgrepet nytta?

- Naturpark
- Natur- og kulturpark
- Landskapspark
- Regionalpark
- Regional naturpark

Felles: en eller annen form for partnerskap mellom grunneiere/lokalsamfunn og styresmakter

Regionale natur – og kulturparker

Velp prøvd fransk konsept for vern og utvikling av landskapsområde prega av;

- Svakt lokalt næringsliv
- Fråflytting
- Forfall av landskap og bygningsarv
- Arealpress frå utbyggingsinteresser (byvekst, veganlegg, energi), reiseliv

Omfattar:

- Eit naturleg avgrensa landskapsområde (som kan omfatte mange kommunar)
- Eit charter, avtaledokument som gjer greie for verdiar og utviklingsmål,
- Forpliktande tiltaksplanar og prioriterte utviklingsprosjekt,
- Merkevarebygging som bidrag til å profilere lokale produkt og styrke eigen identitet i området.

Tasks of a French Regional Nature Park are:

- to **protect the national heritage**, particularly by appropriate management of nature and landscapes;
- to contribute to **rational land use planning**;
- to **promote economic, social and cultural development and improve the quality of life**;
- to **attract, educate and inform the public**;
- to conduct **experimental or exemplary actions** in the above fields and contribute to research programs.

Regionale naturparker i Frankrike


Massif des Bauges

800 km²

46000 innbyggere

56 kommuner

Samarbeid med 4 byer



Massif des Bauges
Près de la vie, naturellement.



Légende



Périmètre du Parc

Communes concernées
par la révision de la charte

Villes portes concernées
par la révision de la charte




Parc
naturel
régional
du Massif
des Bauges



0 2 4 6km
Mise à jour : 15/05/2014
Projet Parc 2007






Queyras regionale naturpark

600 km²

2400 innbyggjarar

7 kommunar



Studietur til Frankrike 2005



Synspunkt frå Alparc organisasjonen..


- **Berekraftig utvikling på lokalt nivå, styrke økonomien, i hovedsak basert på reiseliv og landbruk**
- **Sørge for ressurser til forvaltning av naturmiljø og landskap,**
- **Bevisstgjøring og mobilisering lokalt**
- **Stikkord: nettverk, kommunikasjonsstrategiar, aksept i lokalsamfunnet**

Nærøyfjordområdet: Kan vern og vekst sameinast?



Kva syn har ein på eigne verdjar og roller ?


Fjordlandskapet –
kostnad eller meirverdi?



1994: Bakgrunn:


Nærøyfjorden landskapsvernområde

- Oppstart utgreiing i 1994
- Aurland ynskjer å vere med å setja dagsorden – engasjerar fagkompetanse
- Seminar om vern og forvaltning 1995 ”..den mest truga arten i området er den aktive brukaren.”
- Brei semje om mål for forvaltninga av området – aktiv bruk
- Kva med grensene? Fører fokus vekk frå aktiv, berekraftig bruk, til å tøyte grenser for inngrep.



2005: Ny motivasjon: Status som Verdsarvområde

- Sameine bruk og vern
- Inkluderar busette område
- Aktiv forvaltning
- Handlefridom innanfor grensene?
- Utvikle eigarskap til verdsarvstatusen?
- Mange som vil "bruke" Verdsarvstatusen
- Trong for eit regionalt grep om forvaltning av Verdsarven





Erfaring:

Mangeårige prosessar som treng å knytast saman...

- Reiseliv som offisielt satsingsområde
 - Reiselivslag
 - Framvekst av Flåmsbana og Fjorden som attraksjonar
- Handlingsplan for naturforvaltning 1998
 - Aurland Naturverkstad
 - Aurland Ressursutvikling
 - Aurland natur og kulturarv
 - Fjordbui
- Sogn jord og hagebruksskule
 - Kompetansenav småskala foredling
 - Nyoreintering i natur og kulturbasert næringsutvikling?
- Verdsarv
- **Trong for heilskap = regionalparkprosjektet**

Mobiliseringsprosess


- Studietur til Frankrike opnar nye perspektiv på egne roller, legg grunnlaget for nye prosjekt og produkt, skapar personlege kontaktar i forvaltninga
- 2 raskt oppfylgjande arbeidsseminar med ekstern prosessleiing
- Avslutte seminaropplegget med oppnemning av interimsstyre for park-satsinga for å sikre kontinuitet.
- Utvikling av parkkonsept i 2006

Prosjektorganisasjon nedsett


6. desember 2005

- *Prosjektleder:* Ivar-Bjarne Underdal
- *Sekretariat:* Tenestekjøp frå Aurland Naturverkstad BA ved Siri Bøthun
- *Prosjektstyre:*
- *Leiar:* Kristine G. Ohnstad, bonde/ gardsforedling kjøt
- Birgittha Sandstrøm direktør Fretheim hotel
- Gry Lie Roberts, bonde/gardsforedling
- Noralv Distad, leiar Aurland og Lærdal Reiselivslag
- Anne Karin Hatling, Sogn jord- og hagebruksskule
- Svein Tufta, bonde Nærøyfjorden

Nettverk som organisasjonsprinsipp



Oppgåveområde



Regionalparken kan realiserast gjennom ein ”deal”
(partnerskap) med staten

Aurland vil:

- Forankre regionalparksatsinga i arbeidet med ny kommuneplan
- Gjere aktive val for utvikling av næringslivet og lokalsamfunnet der ein legg inn kvalitetskrav i høve forvaltning av natur, landskap og kulturmiljø

Utfordring til Staten

- Delta som partner i arbeidet og gjennom å tiltre parkavtalen gje lokalt handlingsrom for å oppnå bærekraft og utvikling
- Bidra til å realisere ei pilotsatsing for utprøving av eit norsk svar på dei europeiske regionalparkane

Parkavtalen inneheld;

- Ein plandel forankra i kommuneplanen
- Ein utvida tiltaksdel som forpliktar så vel statleg forvaltning som lokale organisasjonar, bedrifter og innbyggjarar.
- Parkavtalen skal sikre partnerskap kring ei bærekraftig forvaltning av landskaps- og kulturverdiane og samstundes sikre handlingsrom og fremme tiltak for næringsutvikling.

Regionalparken sin ”identitet” .

- I dei europeiske regionalparkane kan bedrifter søkje om løyve til å nytte parken sitt merke på sine produkt.
- Det er likevel skilnad på dei ulike parkane i kor stor grad det vert lagt vekt på dette.
- I vårt tilfelle er det naturleg at parkidentiteten vert nytta som ein paraply for profileringen av ulike produkt og produktfamilier
- Parken skal bidra til målretta og heilskapleg promotering av produkta som er typiske for området.

Vegen framover

- Oppstart av kommuneplanprosess i april der regionalparkprosjektet er integrert
 - Parallelt utvikle avtaledelen i parkavtalen
- Etablere partnerskap med Verdsarv og Geoturismeprosjektet
- Søknad Fylket/KRD småsamfunnssatsinga 26 april
- Søknad VSP kulturminne 15 juni
- Opptak i Næringshageprogrammet august
-så konkrete resultat; produktutvikling, verdiskaping, busetnad, trivnad,



Arbeidsseminar Landskapsarkar Program 23. -24. oktober 2006

Stad: Botnen Gjestetun, Fykkesundet i Kvam.
30 deltakarar

23.10.06

Møteleiar Åse Vaag

Kl 10.30	Avreise Steinsesø kai
Kl 11.30	Ankomst Botnen
Kl 11.30 – 11.40	Spasertur frå kaien til Botnen Gjestetun
Kl 12.00	Lunsj, inkludert presentasjon av deltakarane.
Kl 13.00	Velkomen med ass. landbruksdirektør Åse Vaag - nasjonalt pilotprosjekt - næring av landskap
Kl 13.15-13.45	Presentasjon av prosjekt "Fykkesundet landskapsark" ved søkjar? Charlotte Theilmann/Arne Fykse/Gunnar Dolve
Kl 13.45 – 14.00	Spørsmål diskusjon
Kl. 14.00-14.30	Korleis skal vi i fellesskap skape ein arena for læring og utvikling v/E. Brendehaug og M. Byrkjeland - Kva kan forskinga bidra med - Omtale av søknaden til Forskningsrådet med korttittel: <i>Kollektivt entreprenørskap</i> - Spørsmål og kommentarar
Kl. 14.30-15.00	Pause og noko attåt
Kl. 15.00-16.00	1. Kvart delprosjekt presenterer sitt prosjekt: - mål og arbeidsmåtar (inkl organisering) - sterke sider + utfordringar
Kl 16.00 – 18.00	1. Introduksjon til arbeidsgrupper, v/E.B. & M.B. 2. Grupper på tvers av delprosjekta skal drøfte: - Korleis bør programarbeidet innrettast slik at det gagnar delprosjekta? - Finst det felles hindringar for å nå måla imellom delprosjekta? - Kva kunnskapsbehov har delprosjekta? - Andre viktige erfaringar så langt
Kl 19.30	Middag

24. oktober

Møteleiar Sissel Hesjedal

Kl 07.30 – 08.30	Frukost
Kl 08.30 – 09.30	Presentasjon av resultat frå arbeidsgrupper frå dagen før: - diskusjon og spørsmål
Kl 09.30 – 10.00	Oppstart og organisering av Aurland natur- og kulturpark ved Morten Clemetsen <ul style="list-style-type: none">- status og vidare framdrift- samarbeidsparkar- synlege resultat
Kl. 10.00-10.15	Pause
Kl 10.15 – 11.30	Introduksjon til gruppearbeid v/E.B. & M.B. Kvar delprosjekt si eiga gruppe: <ul style="list-style-type: none">- kva har denne samlinga gitt prosjektet- korleis skal dette inkluderast- tidsplan og organisering for arbeidet framover
11.30 – 12.00	Framdriftsplan vidare ved Dirk Kohlmann Tvedt <ul style="list-style-type: none">- felles studietur- proseshjelp- løyving av tilskot til delprosjekta- spørsmål og kommentarar
Kl 12.00-13.00	Lunsj
Kl 13.15	Avreise Botnen kai

Vedlegg 7: Presentasjonar for seminar i Botnen av Morten Clemetsen og Eivind Brendehaug/Martin Byrkjeland.

Nærøyfjorden verdsarvpark

Oppstart og organisering

Endring av hovedfokus

Fra tiltak rettet mot forvaltning av landskap

til

Verdiskaping med landskap som vesentlig
ressurs

”Verdiskapinga oppstår
gjennom blikkontakt”

Verdiskaping skjer ”i møtet”

- Verdiskaping føreset at det skjer ”verdsetjing
- Verdsetjing byggjer på ei vurdering (opplevinga)
- Som vi påverkar gjennom **kommunikasjon**

Lokalfolk er derfor den viktigste ressursen

Endring av perspektiv: Frå *kulturlandskap* til ”*kulturelt landskap*”

- *Eit kulturelt landskap* engasjerer, inkluderer, identifiserer og gjev rom for deltaking.
 - Frå framandgjerung til myndiggjering (ta landskapet tilbake)
 - Den globale bygda – tilbyr folk ein stad å knyte seg til (identitet) gjennom ”aktiv oppleving og involvering”
- *Linjeskifte: Frå delegering av mynde til partnerskap.*


Mobiliseringsprosessen

- Studietur til beslektede område haust 2005
- Oppfylgjande seminar (3 stk) for å setje felles mål
- Oppnemne styre
- Kontinuitet i arbeidet, skaffe finansiering

Grunnleggjande prinsipp for ein norsk regionalpark

- Parkavtalen
 - Identitetsutvikling
 - Tilpassa kompetansesatsing
 - Bærekraftig nærings- og samfunnsutvikling
 - Skjøtsel og bruk
- Nettverk og møteplassar
- Lokalt og regionalt partnerskap

Nettverk som organisasjonsprinsipp



Parkavtalen inneheld;

- Ein plandel forankra i kommuneplanen
- Ein utvida tiltaksdel som forpliktar så vel statleg forvaltning som lokale organisasjonar, bedrifter og innbyggjarar.
- Parkavtalen skal sikre partnerskap kring ei bærekraftig forvaltning av landskaps- og kulturverdiane og samstundes sikre handlingsrom og fremme tiltak for næringsutvikling.

Geografisk avgrensing

- Territorielt medlemskap føreset
 - gjennomgripande forankring i kommuneplan og parkavtale
 - eller forankring i statleg planverk og parkavtale
- Tematisk samarbeid krev at ein reflekterar kvalitets og verdiplattforma.


Kvalitetsplattform

Nye initiativ og tiltak skal bevare og styrke
landskapskvalitet og identitetsgrunnlaget i
området


Mål for regionalparkprosjektet

- Ivareta behovet for dynamikk og framdrift i pågåande utviklingsprosessar som no krev eit heilskapleg grep
- Følgje opp Verdsarven og bli eit fyrtårn for verdsarvkvatitet i Fjord Norge som opplevingsregion
- Utvikle lønsam næringsverksemd
- Sesongutviding

Oppgaver



ORGANISASJONSKART



Verdensarvparken- delprosjekt

- **Utvikling av parkavtale og utvikling av partnerskapet**
 - Nettverk og møtestader
 - Identitetsutvikling
- **Geoturisme**
 - Tilrettelegge for marknads- og produktutvikling
 - Sesongforlenging
 - Bygdeutvikling
 - Kunnskap
- **Kulturarvbasert næringsutvikling**
 - Restaurering skjøtsel
 - Produktutvikling
- **Verdsarv som utviklingskraft**
 - Utvikling av partnerskap med Verdsarvorganisasjonen
 - Utvikle eigarskap til Verdsarven
- **Framhjelp av bedrifter**
 - Utvikle støttefunksjonar for framhjelp av verksemder


Kunnskap om ressursgrunnlaget

- Landskapsanalyse som integrert del av lokal mobiliseringsprosess
- Landscape Character Network, UK

Kollektivt entreprenørskap basert på landskaps- og kulturverdier

Eivind Brendehaug, Vestlandsforskning
Martin Byrkjeland, Rokkansenteret
www.vestforsk.no

www.rokkansenteret.no



Brukarstyrt FOU-prosjekt

- Herand bygdelag står som søker til Norges Forskningsråd på vegne av dykk alle
- De er våre oppdragsgivarar:
 - definerer kunnskapsbehov
 - avgjer i kva grad det vi bidreg med er relevant
- Samfunnsforskninga si rolle:
 - Forslag til korleis utviklingsprosessen kan organiserast
 - Kome med perspektiv, metodar og teoriar
 - Delta i refleksjon og analyse over dykkar egne erfaringar, idear, forslag og iversetting
- Vår felles oppgåve er å skape ein god arena for samhandling mellom delprosjekta, forskning og forvaltning

Overordna spørsmål

- Korleis utvikle samarbeidsløysingar mellom ulike næringsaktørar (som grunneigarar, lokale matprodusentar, reiselivsbedrifter, bygdelag og kommunar) for produksjon av nye produkt og tenester.
- Samarbeidet skal fremje berekraftig nyskaping og marknadsretting av produkt og tenester basert på dei natur- og kulturhistoriske verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap.

Forskingsspørsmål

- Korleis utvikle varer og tenester knytt til kulturlandskapet som gir tilstrekkeleg inntening?
- Korleis kan næringsaktivitetar avstemmast med sikring av landskapsverdiane?
- Korleis utvikle ein felles kvalitetsplattform?
- Kva er relevant områdeavgrensing for landskapsbasert næringsutvikling:
 - korleis kan ein gå fram for å utvikle ein felles områdeidentitet?
 - kva krav set marknaden til standardisering av tilboda for at tilboda skal byggje opp under området sin profil?
- Korleis skal kostnader, inntekt og usikkerheit fordelast i dei nye samarbeidsløysingane?

Ikkje gå for fort fram i starten!

1. Kartlegging- og ideutvikling:

- Organisering av arbeidet i bygda – få ein god start!!
- Utforming av visjonar, forretningsidé, og korleis ein skal kome dit
- Kartlegge tradisjonar innan samarbeid, grønt entreprenørskap, områdeavgrensing
- Kva andre relaterte tiltak føregår i området (kommune) nabokommune

2. Utviklingsfasen:

- utvikling av konkrete samarbeidsmodellar mellom ulike typar næringsaktørar, konsept for områdeavgrensing og –profilering, kvalitetsplattform for næringsaktiviteten og kommersielle avtaler mellom bedrifter

3. Iverksettingsfasen

- vidare konkretisering, prioritering og tilpassing av løysingane
- nye organisasjonar og fellestiltak etablerast, eventuelt også med nasjonale og internasjonale aktørar

Arbeidsformer

- **Felles programseminarer:**
 - skape læring mellom delprosjekta, forskning og forvaltning
 - planlegge gjennomføringa i FOU-prosjektet
- **Arbeidsseminar i bygdene**
 - skal inspirere, utveksle erfaringar, bygge ned barrierar mellom næringsdrivande, og vere kreative verkstader for kunnskapsutvikling
- **Bygdemøte:**
 - har til hensikt å mobilisere, få fram nye idear og teste ut løysingar som er utvikla i arbeidsseminara
- **Arbeidsgrupper i delprosjekta:**
 - etter behov for å løyse oppgåver mellom arbeidsseminar og bygdemøte saman med prosjektleiinga
- **Utgreiingar:**
 - Av delprosjekta og forskarane

Hohe Tauern nasjonalpark i Aust Tyrol

- The Idea of „Open-Space“
 - Everybody (!!!) is invited to come
 - Every idea (!!!) is highly appreciated
 - Everybody can enter and leave *the party* whenever he wants
 - The space is open for everybody at any time
- the best available moderators !!!

Everybody is encouraged to

- * talk about his ideas
- * to say his opinion about the ideas of others,
- * to moan about the National Park, to praise,
- * to say what he always wanted to say

Glockner-Trekking



*An extraordinary way to
climb Austria's highest
mountain.*

Partners:

- Mountain Guides
- Farmers
- ***Hotels
- Alpine Refuges
- Shops (Equipment)



„Blooming meadows Alpine cultural landscapes“



Hohe Tauern National Park: Private Property, 700 Landowners

Biodiversity is a result of the work of farmers over centuries

**Farmers now get money for their work high up in the mountains.
They do not get money for leaving their property to the NP.
Their representatives are members of the National Park Board.**

Hohe Tauern Region

The migration of farmers
was stopped !!




The number of farmers
even increased since the
establishment of the
National Park in 1991.



(French Alps, near Grenoble)

Turisme rundt Jostedal og Jotunheimen vest nasjonalparker



- Omsetningstall (1995 og 2001) fra bedrifter som rapporterer til Brønnøysundregisteret
 - 17 % av antallet og 53 % av omsetningen fra alle reiselivsbedrifter i fylket
- Holdninger til forholdet mellom bruk og vern
 - 27 bedrifter rundt verneområdene (overnatting, guiding, markedsføring, infocentre, transportselskap, destinasjonsselskap o.a.)

Reiselivsomsætning i større reiselivsbedrifter i Sogn og Fjordane

Bransjer	Bedrifter i randsona av verneområdene	Øvrige deler av fylket
• Hotell og pensjonat	135 mill kr	190 mill kr
• Hytteutleie og utleie av feriehus	1 mill kr	40 mill kr
I alt	136 mill kr	230 mill kr
Endring 1995-2001	+95%	+13%
Antall bedrifter	21	40

Her er økningen

Motsvarer ca 800 kr / hektar verna område (10 x tilsvarende tall fra NINA som gjelder innen verneområdene)

Framtidsverkstad

- Korleis skape ein demokratisk dialog?
 - Open og likeverdig deltaking
 - Open prosess og resultat
 - Utveksling av idear, argument og erfaring mellom deltakarane for saman realisere mål
 - Alle må delta og alle synspunkt er legitime
 - Tolerere andre synspunkt og at andre kan ha betre argument



Balansekunst?

- Heile bygda ----- Pionerene
- Internt (innover) ----- Eksternt (utover)
- Bygdedugnad ----- Privat forretning
- Fellesgode ----- Bedriftsprodukt
- Landskapsskjøtsel ----- Kommersialisering
- Utvikle/endre ----- Ta vare på
- Kjent ----- Nytt
- Konkret (ferdig) ----- Uklart (uferdig)